


Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

72. ÅRG. / NR. 2 – 2018



Min salme

Side 4

Vegen

Side 10, 11, 12 og 13

- Andakt side 3
- Slekters gang side 19
- Gudstenestelista side 20

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00

Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen

og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsøe@vaksdal.kyrkja.no

Trusopplærer

Kristin Straume Audestad

Mobil: 95 76 63 79

E-post: kristin.audestad@vaksdal.kyrkja.no

Organist Anton Proskurnin

Mobil: 48 23 29 77

E-post: anton.proskurnin@vaksdal.kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester,

konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på

www.vaksdal.kyrkja.no

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065

Dale kyrkje: Kyrkjegata 1

Eidsland kapell: Eidslandsvegen 2014

Eksingedalen kyrkje: Sördalsvegen 10

Nesheim kyrkje: Nesheimsvegen 31

Stamnes kyrkje: Grupevegen 19

Vaksdal kyrkje: Vaksdalsgarden 34

Framsidedeilete: Det handlar om å samarbeida og å byggja. Frå konfirmantfesten i Eksingedalen 2018.

Sumar

Når ein snakkar med menneske frå andre kulturar om kva som er spesielt med nordmenn, trekker dei fram mykje forskjellig. Det kan være forskjellige ting dei reagerer på alt etter kva kultur dei kjem frå. Men det er ein ting som går igjen på tvers av kulturar. Nordmenn er veldig glade i å snakka om vær. Kva vær det er i dag, kva vær vert det i morgon, og korleis har være vore denne sumaren.

Eg tenkte at eg kan ikkje vera noko dårlegare, so kva passar betre en å skriva litt om det. Ja for fram til no har me jo hatt ein fantastisk sumar (sjølv om våren kom og gjekk utan at me merka noko til han). Men her om dagen vart det rett og slett for mykje sol, og altfor varmt. Når da vert 30 grader i skuggen (ikkje for å klaga altso) måtte eg beint gå inn. So må eg vatna plenen kvar kveld, og ikkje får eg sova om natta, nei da e for varmt. Eg ligg og vrir meg i laken so e klissvåte av sveitte. Ikkje hjelpa de å ha ope vindaug helle, for da bles jo ikkje. So va da ein kar som sa til meg, «du har jo aircondition». Eg svara «at de har eg slett ikkje kven har vel slikt her??». Til slutt forsto eg at de var varmpumpa han snakka om. Men da kjem ikkje på tale at eg ska bruka straum på den om sumaren, eg har jo nett slått ho av etter vinteren. Men da versta av alt er at da kjem heilt sikkert å snu til ST. Hans. Då har me nok brukt opp alt finvære. Ja då kjem da sikkert te å regna til langt ut i desember.

Eg sit no og skal bestilla ferie til Gran canaria, der er det litt kjølig i det minste.

God sumar!

Bjart-Magnus N Rosvold

Fellesrådsleiar:

Odd Arild Faugstad

tlf. 952 65 989

e-post: oddfau47@gmail.com

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Grethe Loftheim Dale

tlf. 992 68 128

Dale: Brith Kydland

tlf. 48 13 06 64

Bergsdalen: Herborg Holt Lid

tlf. 454 65 977

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Asbjørn Flatekval

tlf. 970 17 598

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim

tlf. 930 54 636

Den norske kyrkja si heimeside:

www.kyrkja.no

Björgvin bispedømme

si heimeside:

www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLAD FOR

VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming:

VaksdalPosten

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Bodoni AS, avd. Hardanger,

Øystese

Tlf. 46 63 09 33

Retur til: Kyrkjekontoret

for Vaksdal, Pb. 113,

5721 Dalekvam

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 20. august

På frukta kjenner vi treet



«Ta eit tre: Anten er det godt, og då er frukta òg god, eller det er dårleg, og då er frukta òg dårleg. På frukta kjenner vi treet.» Matt. 12.33
På frukta kjenner vi treet. Er ikkje det ein dom over menneska og frukta, altså dei dårlege gjerningane våre? Ein skulle tru det. Orda er eit evangelium, den glade budskapet frå Herren. Det er Jesus Kristus sjølv som er det gode treet. Når me er i han så gjev me god frukt.

For over 100 år sidan gjekk bestemora mi på Hagebruksskolen i Ulvik. Ho var oppvaksen på Bu på andre sida av fjorden. Der lærte ho å poda frukttre. Poding er at ein tek ei grein frå eit eple eller pæretre til dømes og set greina inn på eit nytt tre. Det gjer ein ved å laga eit hakk i borken, setja greina inn og surra godt til. Frå då er det ikkje lenger skilnad på greina og treet. Dette er eit bilete og på forholdet vårt til Jesus Kristus. Når me vert døypte og kjem til tru på Jesus Kristus, så er det som om me vert poda inn på Kristus. I Johannes 15, 5 les me:
«Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingenting gjera.»

Vintreet er slik at alle enkeltgreinene er poda inn direkte på hovudstamma. Kva vert bestemmande for om de vert gode vindruer. Det er fakta ikkje greinene der blomst og frukt sit, men det er sjølve treet med røtene langt ned i jorda. Røtene veks langt ned

sjølv gjennom pukk og grus og hentar gode mineraler til den gode smaken frå druene, og vinen som vert laga av dei.

Kva seier så desse likningane: Når greinene ber god frukt, er dei vitnesbyrd om den gode kvaliteten på vinstokken. Den gode jord er i dette tilfellet ikkje god matjord for andre vekster. God jord for vinstokken er litt mager. Det fører til at rotsystemet veks langt ned på jakt etter næring og mineraler. Det skal litt motstand til for å framodle god vin.

Vi er greinene, Jesus Kristus er vinstokken, det gode treet. Når me er poda inn på han, då er me poda inn på det gode treet. Korleis kan du vita det er eit godt tre? Det skjer på grunnlag av den gode frukta. Menneske får møta han, og orda om at himmelriket er komen nær så dei får eit nytt liv. Det skjer ei forvandling i menneska. Guds ord vender ikkje tomt tilbake. Det gjer gjerninga Gud sende det å gjere. Korleis kan du lære Jesus Kristus å kjenne? Det er når du får smake den gode frukta, som er kjærleik og omsorg. Ved dåpen vert du teke imot i fellesskapen av alle truande på jorda. Alle treng me å verte lyfte opp og få høyre: Du er eit verdifullt menneske skapt av Gud. Eg, Kristus, måtte tåle motgang, lida og døy for at du skulle arve det nye gode livet. Kom la deg poda inn på meg. Det er ikkje meir som skal til: Sei Ja til Jesus. Eg vil høyre deg til og la den gode frukta veksa fram i livet mitt. Amen.

Med venleg helsing Edvard Bø

*Illustrasjonen: Utsnitt frå altaret i Dale kyrkje;
Treet og greinene
Foto: Anne Marta Hoff*

Min salme

«Min salme» vart skriven av Sigvald Skavlan i 1885 (nr 127 i Norsk Salmebok frå 1985), og omsett til nynorsk i 1920 av Bernt Støylen (Sangboken nr 69). Det var nynorskomsetjinga eg fyrst lærde å kjenna og vart glad i og som difor er trykt her.

Dette er ein takkesalme som seier mykje om kven Jesus er og kva han har gjort for oss og gjeve oss, ved å minna oss om hendene hans. Med dei velsignar han dei små, og med dei viser han omsorg for dei svoltne og dei sjuke. Himmel og jord har han i si hand. Størst av alt er likevel den omsorg han har for oss som ikkje kan svara Gud rekneskap når me skal fram for Han. Jesus let sine hender verta nagla til krossen. Der gjekk han inn under Guds dom over oss og tok den straffa me skulle hatt. «Du dine hender strekte og tok for meg mot tukt.» Han sletta ut skuldbrevet vårt og rekkjer oss fridomsbrev og barnerett hjå Gud i staden. Når «kvar ulydnad og kvart lovbrott fekk si fortente straff, korleis skal me då koma unna om me ikkje vorder så stor ei frelse?» (Hebr 2, 2-3)

«I dette er kjærleiken, ikkje at me har elska Gud, men at han har elska oss og sendt Son sin til soning for syndene våre.» (1. Joh 4,10) «I dette kjærleiks under mi sjel ser trøystig inn, i dine djupe vunder eg løyner skaden min», skriv songaren, og det skal me òg få gjera. Jesus elsker alle. Han gjorde opp for alle, men han tvingar oss ikkje. Den som elsker tvingar ikkje. Men han har lova oss at «ingen av dei som tek si tilflukt til han dømet skuldig.» (Salme 34,23b)

*Eg kysser dine hender med djupe naglegap,
dei som så herleg vender til vinning alt mitt tap,
dei hender som har skrive mitt fridomsbrev med blod,
og barnerett meg give hos Gud, min Fader god.*

*Dei hender som så kjærleg har lindra sjukdoms nød,
og som så rikt og herleg i øydemark gav brød,
dei hender som så milde velsignar våre små
- Å, Frelsar at du ville dei såleis sára få!*

*Når ut mi hand eg rekte til den forbudne frukt,
du dine hender strekte og tok for meg mot tukt.
Mi hand med blod var stenka, i urett og i svik,
di vart til krossen lenka, ein ransmanns hender lik.*

*Den frelsa Gud meg sender, er kjøpt med dine sår.
I båe dine hender mitt namn no teikna står.
Sjustjerna* bind dei hender, dei styrer verdi all.
Frå dei til frelsa renner ditt blod i dropefall.*

*I dette kjærleiks under mi sjel ser trøystig inn,
i dine djupe vunder** eg løyner skaden min.
No naglane er bytte med kongsstav og med spir,
då du frå krossen flytte til trona av safir.*

* sjustjerna = del av eit stjernebilde

** vunder = sår

Ågot sender salmestafetten vidare til Ashild Rene.

Takk!

Det er no gått ei stund sidan kantorane Olav Arne og Tone Synnøve Øygard Steinkopf gav seg som kyrkjemusikarar i Vaksdal.

Dei bur framleis på Stanghel- le, der dei har budd i «alle» år, men Olav Arne er no kantor i Arna, og Tone Synnøve er domkantor i Molde. I tillegg til innsatsen som kyrkjemu- sikarar har Tone Synnøve dirigert Kordial og fleire kor utanfor Vaksdal. Olav Arne har ved fleire høve spela keyboard når korps og kor har hatt framsyningar i Dalehal- len og i Turbinen. Han har og arrangert musikk for og spela saman med Torsdagsklubben. Begge har spela saman med fleire songarar og musikarar, akkompagnert ved fleire høve, og vore lærarar i Kulturskulen.

I tillegg har begge teke vida- reutdanningar. Olav Arne er og komponist og arrangør av til dømes korsongar, og har stått bak prosjekta Bjerkrheim-jazz og Luther-jazz, samt fleire år med Det store salmeslaget

Olav Arne og Tone Synnøve har gjeve kyrkjelydane nye musikalske uttrykk, mellom anna då dei trakterar fleire og ulike instrument, samt engasjert mange musikarar - profesjonelle og amatørar - til gudstenester, kyrkjelege handlingar og konsertar med meir.

Under Daledagane i år var endeleg tida inne for å arrangere ein takkekonsert. Om etter- middagen laurdagen var over 150 menneske samla i kyrkja for å lytte og/eller delta med song og musikk, og for på det viset syne takksemnd til Olav Arne og Tone Synnøve for dei- ra innsats. Om lag halvparten var etterpå samla i bedehuset til eit uformelt samkome med mat, drøs og helsingar.

Frode Kvamsøe



Per Jørgensen takkar og hyllar kantorparet.



Olav Arne og Tone Synnøve avslutta konserten med Gabriels Oboe, på flygel og blokkfløyte. Og dei tre borna lyttar.



Songarar frå Dale Mannskor, Kordial, Kilden og Budapest-koret i fellesnummer.



Frå samkoma i bedehuset. (Foto: Brith Kydland)



Her frå Olsokstemna på Leiro i 2017. Foto: Anne Margrete Eikefe

Gudstenester ute i det fri!

Det har alt vore fleire ute-gudstenester denne «sesongen», ved Skipshelleren, ved Storviksætre i Samnanger, og i Agnavika på Stanghelle. Dei andre står nedanfor her – og i gudstenestelista lengre bak i bladet. Veret spelar sjølvstakt inn i kor det er mogleg å halde gudstenestene, så ta gjerne kontakt med presten i den einskilde gudstenesta viss du er i tvil om kor gudstenesta vert.

Desse gudstenestene er relativt enkle og korte, og etterpå vert det «ta med sjølv» - kyrkjekaffi. I Messehagen er det ei litt større gudsteneste, og soknerådet syter for kyrkjekaffien.

Søndag 1. juli: STØLSGUDSTENESTE på Moastølen i Bergsdalen kl. 15.00.

Det er traktorveg frå Småbrekke og opp til Moastølen, og dermed rimeleg lett å ta seg fram. Vert ikkje vêret bra nok møtast me i lavvuen på Småbrekke.

Søndag 29. juli: OLSOKSTEMNA på Leiro (Eidsland) kl. 15.00.

Leiro er ein fjellgard ovanfor Myster på Eidsland, og det tek ein dryg time å gå opp for dei som er i rimeleg god form. Det er nokre bratte parti, og ein går somme stader på relativt smale stiar. For dei som vil ha nokon å gå saman med er det felles avgang kl. 13.30 frå Sauefjøset på Myster. Vert ikkje vêret bra nok møtast me i kapellet.

Søndag 26. august: STØLSGUDSTENESTE på Bergostølen (Nesheim) kl. 12.00.

For andre gong innbyr Nesheim sokneråd til stølsgudsteneste, denne gongen på Bergostølen. For å kome dit kan ein gå frå vegen (sjå etter skilt), og då vert gåturen ganske kort. Ein kan og parkere ved Indretjønna, og då tek det om lag 30 min å gå ned til stølen. Det er og høve til å stoppe på Bergo, få skyss over vatnet og gå opp til stølen. Det tek om lag ein time å gå, så då må ein vere på plass på Bergo 10.30. Vert ikkje vêret bra nok møtast me i kyrkja.

Søndag 26. august: FEST PÅ KJERKA i Messehagen på Dale kl. 12.00 (NB: Klokkeslett)

«Fest på kjerka» er eit uttrykk frå Sjømannskyrkja sitt arbeid rundt om i verda, og me freistar å få fram same kjensla når me skipar dette til i Messehagen kvart år. Sjømannskyrkja vert representert og set sitt preg både på gudstenesta og kyrkjekaffien. I gudstenesta vert og komande års konfirmantar presenterte. Vert ikkje vêret bra nok møtast me i kyrkja.


Medarbeidarfest



Om lag 60 av medarbeidarane i kyrkjelydane i Vaksdal var samla til den årlege medarbeidarfesten den 14. juni.

Dei er berre om lag ein tredjedel av alle dei som bidreg på ulik vis og med ulik mengde i løpet av eit år. På medarbeidarfesten er det staben ved Kyrkjekontoret som lagar til festen - dei som kjem kan berre koma og nyta! Her er det prost Arild Hellesøy som kjem med nokre gode ord til dei som er samla.

Frode Kvamsøe



Følg oss på sosiale medier:



/sjomannskirken

www.sjomannskirken.no

SJØMANNSKIRKEN
Norsk kirke i utlandet



Gravplassane i Vaksdal kommune

Litt om gravplassane i Vaksdal Som lesarane veit er Vaksdal kommune ein langstrakt kommune. Dette gjer at sjølv om me er små i folketall, har me mange gravplassar. Det er 8 gravplassar i Vaksdal kommune. Dei to største er Dale og Vaksdal, men det er også mindre gravplassar i dei andre bygdene. I kyrkjeblada som kjem frametter kjem me til å informere litt rundt diverse tema som har med gravplassar å gjere. Om det er nokon av lesarane som har tips til tema, tek redaksjonen gjerne imot dette.

Det er Vaksdal kyrkjelege fellestråd som er ansvarleg for gravplassane i Vaksdal kommune. Dette er ei oppgåve innan offentleg forvaltning som me utfører for alle innbyggjarar i Vaksdal kommune. Det vil sei at gravplassane våre er livssynopne, og at ein kan gravleggas på ein gravplass uansett kva livssyn ein måtte ha. Dette er mellom anna heimla i Gravferdslova kapittel 1 og gravplassvedtektene for Vaksdal kommune. No er det slik at 5 av 8 gravplassar ligg rundt kyrkjer, og det er lett å forstå at desse ikkje treng å følást som livssynopne. Vaksdal, Stanghelle og

Dale gravplass ligg ikkje i nærleiken av kyrkjer og er kanskje meir naturleg å velja om ein ikkje ynskjer å ligga på ein «kyrkjegard»

Gravplassvedtektene

Gravplassvedtektene i Vaksdal kommune er eit dokument som inneheld føreskriftene for graver i Vaksdal kommune. Dette dokumentet sei mellom anna noko om; festetid, grav og gravminne, stell av graver osv. Ein kan få desse vedtektene om ein kontaktar kyrkjekontoret. Me arbeider også med å gjera dei elektronisk tilgjengelege.

Festar, festetid og festeavgift

Ein festar er den personen som står juridisk ansvarleg for ei grav. Det er denne personen kyrkjekontoret kontaktar når dei treng kontakta den ansvarlege for grava. Det er også denne personen som vert fakturert når me krev inn festeavgift.

Eit feste er eigentleg leige av ei grav. Den som er festar (leigetakar) betaler for å få ha grava. For alle innbyggjarar i Vaksdal kommune er det slik at dei etterlatne ikkje treng å betala feste for grava dei fyrste 20

åra. Dette vert kalla ein friperiode, og er den tida det tar før ein eventuelt kan nytte grava på nytt. Etter desse 20 åra har gått, vil festar måtte betala festeavgift om ein ynskjer å ha grava lengre. Dette vil sei at om festar ikkje ynskjer å betala lengre, kan han sei ifrå seg grava. Om ein ynskjer å behalde grava kan ein feste grava for 5 år om gangen inn til grava er 60 år. Etter denne tid vil festar få eit brev, der me spør om han ynskjer å festa vidare. Om svaret er ja på dette, lar me folk få fortsette feste.

Festeavgift er det som me nok motar flest spørsmål om, når det gjeld gravplassane i Vaksdal. Det er mange som meiner at ein ikkje skulle ha betala feste for gravene. Slik situasjonen no er lyt alle som er festarar betala feste. Det er fleire grunnar til dette. Den mest openbare er at alle pengar som vert betala inn i feste går rett tilbake til vedlikehald og drift av gravplassane. Så er det også slik at om folk ikkje sletta gravene etter det har gått 50-60 år, ville alle gravplassane i kommunen vore fulle.

Graver utan festar

I enkelte tilfelle kan me opple-

va at ei grav vert ståande utan festar. Eit typisk eksempel er at festar er død, og me ikkje finn nær slekt eller familie til festar. Me sett då opp skilt på grava, dette vert gjort på våren, sidan dei fleste besøker ei grav i løpet av sumaren. Om det så går minimum 6 månader og ingen tek kontakt, vert grava sletta og steinen fjerna. Me ventar so ytterligare seks månadar før me destruerer steinen.

Gravplassen grøne lunger i lokalmiljøet

Gravplassane våre skal ha parkstandard, har kyrkjevevja uttala ved fleire anledningar. Dette er ei målsetting som me er langt frå å nå. Det er mykje arbeid som står att når det gjeld vedlikehald og oppgradering av gravplassane våre. Me vonar likevel at de som besøker gravplassane har ei fin stund. Moglegheit til å minnas nære og kjære, moglegheit til å vera stille, moglegheit til å tenkja og reflektera.

Om du har spørsmål om graver eller gravplassane er du velkommen til å kontakte kyrkjekontoret.

**Bjart-Magnus
Ndogo Rosvold**

Barneforeiningsbasar på Straume



Barneforeiningsbasar på Straume.

Laurdag 28. april var det basar på Straume. Borna i Straume Barneforeining hadde laga mange av gevinstane, noko som det har vore tradisjon for i mange år. Blant anna nøkkelringar, malte boksar og perle-

figurar fekk nye eigarar denne ettermiddagen, saman med andre gevinstar.

Dei gamle spanna med talbrikker var framleis i bruk når vinnarane skulle trekkjast både på årer og bøker, og det

oste nostalgi frå dei eldste årene. Etter fem åresal, fekk borna koma fram og velja seg ein sjokolade frå posen til Torunn, som leia basaren. Før det hadde «ein levande misjonær» frå Knarvik hatt andakt,

der han mellom anna fortalte frå Aserbajdsjan.

Elles var det fleire allsongar, og det gjalla godt i veggane i det vesle raude huset nede ved fjorden, som så mange gongar før.



Bjørg skriv i bøkene nett som i fjor.

Vårdugnad ved Vaksdal kyrkje

Torsdag 26. april hadde Vaksdal sokneråd dugnad for å luke ugras rundt kyrkja. Undervegs møtte Bjørn ein kar som lurte på kva han skulle. Han fekk svar på kva som skulle skje. Jau, han ville vera med og tok tak i reiskapen som Bjørn bar på, for å hjelpa til. Like etter kom ein kar til og ville vera med. Godt i gang med å luke kom ein tredje person. Arbeidet gjekk som smurt og det vart bra fritt for ugras. Kaffipause måtte vi og ha.

Då vi var ferdige syntte det seg at desse tre kameratane hadde planar om å gå til fjells. No vart det dugnad i staden til god hjelp for oss andre som prøvde å bidra. Takk for innsats!


Grete Loftheim Dale

Temesgen Tewelde (f.v.), Yonas Debussy, Bjørn Knutsen og Sela Yacob.





Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Veggen i Vaksdal. Det er sjølvstekt livs- og trusveggen det handlar om, og målet om at alle som er døpte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Veggen i Vaksdal på Facebook! 



Dale barnekor song undervegs.

Borna sin påskedag

Siste onsdag før påske var det Borna sin påskedag i Dale kyrkje. Tidlegare har ein hatt dette ein søndag, og med påskevandring for dei som var med. I år blei siste korøvinga til Dale barnekor omgjort til Borna sin påskedag, og det var Frode prest som tok seg av vandringa, som Jesus. Fire stolar framfor alteret representerte fire sentrale dagar i påska, og trusopplærar Kristin fortalte kva som skjedde, Frode viste det, og av og til deltok borna som var til

stades. Som då dei vifta med palmegreiner då «Jesus» kom inn i Jerusalem på påskedag, og då alle som ville fekk smaka brød som blei delt ut under den fyrste nattverden på skjærtorsdag. Dale barnekor deltok med song på supert vis, og vart belønna med kveldsmat etterpå, i tillegg til at alle born som ville, fekk bretta seg sommarfuglar. Det blei ei ny oppleving for både oss som arrangerte dette, og dei mange framømte, og me vonar den var av det gode slaget.



Dei fire stolane symboliserte fire sentrale dagar i påska

Ungdomsleir for 7., 8. og 9. klassingar

Etter påske var det ungdomsleir for 7., 8. og 9. klasse, på leirstaden Fagertun i Eksingedalen. Det vart kjekke dagar med gruppeaktivitetar, bibeltimar, leirkveld og fritid - som ofte vart nytta til ulike gruppeleikar i daglegstova, eller ute i det nydelege veret. Ein kjekk gjeng på 16 ungdomar var med på leir, og blei godt kjende i løpet av helga!

Me rakk òg å gå tur i det fine veret.



Ein gjeng i fint driv mot mållinja, på ski for tre!

Gudsteneste på Skipshelleren

Kristi Himmelfartsdag var alle femåringane i sokna innbedne til gudsteneste under Skipshelleren på Straume. Det var den eine dagen i mai det var meldt kraftig regn, så ein del let seg nok skremma av vervarselet. Men ei lita gruppe små og store fekk ei fin (og tørr!) oppleving under helleren. Kantor Anton spelte gitar til songane, Edvard prest leia gudstenesta og Kristin fortalte og dramatiserte om bonden som leita etter det eine lammet sitt. Etterpå var det pølsegrilling og leik nede ved fjorden.

Gudsteneste på Skipshelleren - eit utradisjonelt altarparti



Barnekor på Vaksdal. Foto: Benedicte Eide Skare.

Barnekor på Vaksdal

Etter påske og fram til juni, var det barnekor i Vaksdal kyrkje for born 4-8 år. Ein fin gjeng har vore her desse ettermiddagane, sunge og leika og stundom ete kveldsmat saman. Denne perioden blei avslutta med gudsteneste på

Vaksdal søndag 3.juni, der barnekoret deltok med flott og levande song! Etterpå vanka det kaker på alle, før ungane sprang vidare ut i sola. Veldig kjekt at så mange har vore med og delteke på desse øvingane òg!

Babysong, lunsjtreff og småbornssong på Vaksdal



Baby og småbornssong Stamnes.

I vår var det baby- og småbornssong i Stamnes bedehus fire mândagar, og i Eksingedalen kyrkje ein søndag i april. Mange kjekke små og store dukka opp på desse samlingane òg, og på Stamnes dukka det til og med opp eit lam!



Småbornssong på Vaksdal

Etter ein periode på Dale, flytte me babysong, lunsjtreff og småbornssong til Vaksdal etter påske. Me valte òg å byta tider, slik at småbornssong byrjar kl 10 og babysong kl 12. Dette fordi det verka å passa betre med sovetidene til desse to gruppe- ne. Her har det vore stor deltaking, og mange kjekke små

og store å prata og leika med. Folk har kome køyrande frå nabobygdene òg for å delta, og det er tydeleg at dette er eit tilbod som vert sett pris på. Noko Kristin igjen set pris på, sidan det er ho som sette det i gong og styrer med det. Det har vore kjekt å vore saman med babyar og mødre/bestemødre, og gøy å sjå

korleis borna utviklar seg, og blir meir med på songar og regler etter kvart som dei blir vande med dei! På det meste var det opp mot tjue born på lunsjtreff (sidan dette er eit felles treff for begge gruppe- ne), då var det nesten litt for fullt inne på konfirman- trommet... Men det gjekk, og folk kosa seg ilag!

Kva skjer på VEGEN framover?



Segltur med tolvåringar

Me vonar at me òg i haust får til ein segltur med Brørvikaskuta på Stamnes for årets tolvåringar. Det var ein veldig kjekk tur i fjor, og me håpar endå fleire i år ser sitt snitt til å få ein spennande og annleis tur sjøvegen i kommunen vår, med eit rutinert og dyktig mannskap. Det er plass til å ta med foreldre òg, kanskje fleire ynskjer å kjenna korleis det er å vera på fjorden slik som i gamle dagar?

Skulevegensamlingar

Også i haust vert det Skulevegensamlingar for alle born som byrjar i 1. klasse i år. Det vert på ulike måtar rundt i bygdene, men dei fleste samlingane er i samband med gudstenester, der borna blant anna får ei gåve frå kyrkjelyden sin.

Babysong, lunsjtreff og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust vert det småbornssong (kl. 10-11), lunsjtreff (kl.11-12) og babysong (kl. 12-13) på torsdagar, som før sommaren. I Dale bedehus vert det kvar torsdag mellom 30.august og 4.oktober, og på Vaksdal kvar torsdag mellom 25.oktober og 29. november. Håpar på å sjå både kjende og nye fjes, alle er hjarteleg velkomne, når det høver med tid og energi!

Baby- og småbornssong på Stamnes, i Bergsdalen og i Eksingedalen

Også i haust vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong på Stamnes og i Eksingedalen. I tillegg prøver me ei slik samling for fyrste gong i Bergsdalen. På Stamnes vert samlingane i bedehuskjellaren ein gong i månaden, i Bergsdalen kyrkje den 2.9. og i Eksingedalen den 9.9. Dei to siste er i samband med gudstenester. Nærare beskjed om datoar kjem, blant anna på fb-sida «Babysong, lunsjtreff og småbornssong i Vaksdal».



Tankar frå trusopplæraren



I vår har me kjøpt oss ein liten lysglobe med plass til 18 små lys. Denne er smidd av Egill A. Jensen, og er tenkt å brukast når me har arrangement med lystenning i kyrkjer og andre lokale som manglar lysglobe. Den blei brukt for fyrste gong i Aktivitetshuset på Vaksdal, då Småbornssong, lunsjtreff og Babysong måtte flyttast frå kyrkja ein torsdag. I ettertid er den nytta i konfirmasjonsgudstenester både på Nesheim og i Bergsdalen, og eg vonar den blir mykje brukt også framover. Å tenna eit lys for nokon ein er glad i, og gjerne be ei bøn for han eller ho, kjennest godt. Og med ein lysglobe kjennest det ekstra stemningsfullt. Det vesle lyset me held får flammen sin frå det store lyset, og det er noko fint og symbolsk med dette. For det er jo slik det er, er det ikkje? Me pustar fordi nokon andre har pusta før oss, og gjeve oss livsgnist. Og tenkjer du i same baner som meg, er det ikkje heilt tilfeldig. Me er ein del av noko større, og det er eit kjærleg hjarte som bankar for oss. Som ynskjer oss det beste, og vil ha oss nær. Det er godt å kjenna på.

Kristin Audestad

Årets konfirmantar i kyrkjene



Dale kyrkje 5. og 6. mai 2018. 1. rekke frå venstre: Ingrid Tveterås Eliassen, Vilde Langhelle, sokneprest Frøde Kvamsøe Alexandra Fardal-Jakobsen, Mari Zou Verpelstad, Lisa Simmenes Sellevold. 2. rekke: Veronika Simmenes Wiers, Robin Kydland Eriksen, Natalie Bruvik, Emma Gjermo Jakobsen, Isak Tvedt, Sander Andre Tysnes Danielsen, Kari Boge Sigurdson. 3. rekke: Tuva Faugstad, Joakim Solberg Sandvik, Frikk Midtsæter, Morten Johannes Horvei, William Fosse Ekren, Hilde Hammer Stanghelle. Hedda Tunes var ikkje til stades under fotograferinga. (Foto: Fotograf Løtvedt, Bergen)



Nesheim kyrkje 3. juni 2018. Andreas Bergo, Idar Gullbrå, Vegard Gullbrå Tollesen. Bak: Sokneprest Frøde Kvamsøe. (Foto: Frøydís Gullbrå)



Eidsland kapell 28. april. Trusopplærar Antje Michelau-Meyn, Silja Møster, sokneprest Edvard Bø. (Foto: Knut Erik Møster)



Vaksdal kyrkje 6. mai 2018. 1. rekke frå venstre: Emilie Krogsrud Vatle, sokneprest Edvard Bø, Martine Hammer Verpelstad. 2. rekke: Martha Mjelde, Mats Amundsen Winterstø, Ingrid Marie Faugstad Gullbrå. (Foto: Fotograf Løtvedt, Bergen)



Bergsdalen kyrkje 27. mai 2018. Sokneprest Frode Kvamsøe, Magnus Fosse Osvold. (Foto: Anne Hilde Fosse Osvold)



Stamnes kyrkje 13. mai 2018. Tuva Kolstad, Daniel Gravdal, Emil Stamnes Vik, Benjamin Johnsen Fenne, Ingebjørg Eilertsen, sokneprest Edvard Bø. (Foto: Terje Pedersen)



Musica Sacra.

Choral Evensong i Dale kyrkje torsdag 23. august kl. 19.00

– Denne kvelden vil me få ei unik musikalsk oppleving i Dale kyrkje kalla "Choral Evensong" (kveldsbøn på norsk), teken frå den anglikanske tradisjonen.

Det er ei om lag 30 minutt lang kontemplativ gudsteneste utan preik eller nattverd, men med to korte lesinga frå Bibelen, nokre få salmar, og song frå koret. Opphavet til denne forma for tilbeding er datert fleire hundre år attende i England, og Choral Evensong er, forenkla sagt, ein kombinasjon av dei romersk-katolske Vesper og Compline. Desse er dei to siste daglege bønne-gudstenestene i

den romersk-katolske kloster-tradisjonen, og vert sunge kvar dag i kvar katedral i England. I skulkeåret er det kyrkjene sine eigne kor som syng. I feriar og høgtider vert dei sunge av profesjonelle gjestande kor.

Musica Sacra er et av dei kora som er godkjente til å vitje Westminster Abbey, St Paul's Cathedral og the Queen's Chapel i Windsor Castle (som vil vere kjent for dei som såg vigsla til

Harry og Meghan i vår!).

Med unntak av salmane syng koret det meste av gudstenesta på vegne av kyrkjelyden - ikkje som ein konsert men som ei tilbeding til Gud. Kyrkjelyden tek del i tilbedinga ved å bruke desse musikalske stykka som eit høve til refleksjon, til bøn, og til å opne hjarta til Gud.

Koret Musica Sacra vil vitje Noreg i litt mindre enn ei veke, og vil ha Vik i Sogn som base.

Der vil dei synge saman med vår tidlegare kantor James Reed. Då dette er ei gudsteneste, og ikkje ein konsert, vert det ikkje selt bilettar - men gjeve høve til å gje pengar til kyrkjemusikalsk arbeid ved utgangen.

Dei som ynskjer å lese meir om denne forma for tilbeding kan lese meir her: [https://en.wikipedia.org/wiki/Evening_Prayer_\(Anglican\)](https://en.wikipedia.org/wiki/Evening_Prayer_(Anglican))

Endring i personalsituasjon

Kantor James Reed (bilett) sluttar i si stilling som kantor i Vaksdal frå og med 31/5-2018. James har jobba hos oss sidan 18/7-2017. I tida han har vore her har James mellom anna spelt på gudstenester og gravferder, vore

dirigert for Kilden og akkompagnert barnekoret på Stamnes. Han har også arrangert fleire konsertar og songkveldar. James startar no i ny jobb i Trøndelag. Me ynskjer James lukke til med nye utfordringar.



KYRKJA
I VAKSDAL



- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLERINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.

Ikkje konfirmantjubileum i haust

For femti år sidan flytta mange kyrkjer konfirmasjon frå hausten til våren. Såleis var det var det i 1968 ingen konfirmasjonar i kyrkjene i Vaksdal om hausten. Difor her det heller ikkje konfirmantjubileumsfeiring i Vaksdal, Dale og Stamnes

sokn, slik det brukar å vere. Dei som er 60-årskonfirmantar på Dale i haust får heller ikkje eigen fest, men vert innbedne neste år. Sokneråda vel truleg framleis å ha festane framover om hausten, sjølv om konfirmasjonane var om våren.

Håkon blir prest!

Det skjer på Vaksdal 19. august!

No er endeleg tid og stad for prestevigslinga av Vaksdal-guten Håkon Økland Kinsarvik klar.

Det skjer i Vaksdal kyrkje søndag 19. august kl. 11.00. Etter gudstenesta vert det festsamkome i samfunnsalen på Vaksdal. Velkomen!



DEN NORSKE KYRKJA

Vaksdal kyrkjelege fellestråd

Me søker etter kantorar/kyrkjemusikarar i 100 % fast stilling

Stillinga inneheld mellom anna speling til kyrkjelege handlingar og seremoniar, direksjon av vaksenor og barnekor. Kora våre har eit breitt musikalsk uttrykk (jazz, salmar, klassisk og popmusikk). Staben i Vaksdal kyrkjelege fellestråd er liten og me jobbar tett saman og spelar kvarandre gode. Det vil bli lagt vekt på at den som tiltrer stillinga har gode samarbeidsevner og er ein lagspelar.

Kvalifikasjonar

- Utdanning i samsvar med tenesteordninga for kantorar. Kyrkjemusikarar med annan relevant kompetanse/realkompetanse/kyrkjemusikalsk utdanning vil bli vurdert.
- Det er ynskjeleg med dirigenterfaring frå barnekor, ungdomskor og vaksenor.
- Søkjar må meistre kyrkjeorgel og piano.
- Det er ynskjeleg at søkjar har banderfaring.
- Erfaring med akkompagnement.
- Det er krav om gode norskkunnskapar både skriftleg og munnleg.
- Den som vert tilsett skal utføre tenesta si i samsvar med Den norske kyrkja sine ordningar.

For fullstendig utlysning sjå www.facebook.com/kyrkjeneivaksdal/

Søknad med CV og kopi av aktuelle attestar og vitnemål skal sendast anten på e-post til kyrkjeveerja@vaksdal.kyrkja.no, eller i post til Kyrkjekontoret, pb 113, 5721 Dalekvam, innan 30. juni 2018.



DALEGARDEN
OUTLET & CAFÉ

Nordhordland
Begravelsesbyrå AS



AVD. VAKSDAL:

Ann-Elin M. Gullbrå • Tlf. 56 99 25 70

ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN.
PLANLEGGING - BLOMAR - GRAVSTEIN

Tlf. 56 37 14 10 • post@nordh-bb.no • www.nordh-bb.no

ATLANTIS
VVS & INTERIØR

Din lokale Rørlegger i Vaksdal

☎ 95 97 17 00



Alt innan
tømrararbeid

Tlf. 922 65 739

post@falkangerbygg.no



Falkanger Bygg er
forhandlar av Idehus
Sjå idehus.no



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet
56 59 89 34

TOMME- STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680



Liv Anne's AS

Kafé – Bakeriutsalg – Catering
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle
Kaldtbord
Snitter

Minnesamvære:
• Dekking
• Mat
• Servering

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



- vi gir morgendagen nye muligheter

**coop
prix**

Opningstider:
Mån-laur 8-21
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 56 59 43 00

 SparebankenVest
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

S
**STEINRIKET
DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

- 22.04 Felix Christianson
22.04 Mari Sellevold Erdal
05.05 Sebastian Vinje Hamre

Nesheim

- 01.04 Guro Nesheim

Eidsland

- 28.04 Andreas Røssvold Neset

Vaksdal

- 04.03 Oline Strand Helle
04.03 Edvald Bjørke
25.03 Lina Smette-Blålid
15.04 André Hellesøe Bolstad (i Bolstadøyri bedehus)
15.04 Malene Skage Grenasberg
15.04 Henrik Byrkje Hansen
20.05 Anna Langhelle Hisdal



VIGDE

Dale

- 14.04 Evi Wefring og Ole Johannes Fossmark

Bergsdalen

- 12.05 Marianne Narheim og Thomas Tveito Helleve

Vaksdal

- 16.06 Cathrine Kleiveland og Ronny Sæterdal



DØDE

Dale

- | | | |
|-------|---------------------------|------|
| 01.03 | Marie Dalseid | 1946 |
| 07.03 | Nancy Stokke | 1921 |
| 12.03 | Bjørnvald Kvamme | 1929 |
| 16.03 | Ole Søvik | 1927 |
| 22.03 | Odd Alvheim | 1938 |
| 09.04 | Jakob Andersen | 1939 |
| 28.04 | Kristi Stokke | 1925 |
| 03.05 | Frode Martin Eriksen | 1961 |
| 05.05 | Dan Carlos Dankertsen | 1987 |
| 30.05 | Annie Stanghelle Hvidsten | 1930 |
| 02.06 | Solfrid Langeland Gjermo | 1946 |
| 08.06 | Egil «Gille» Karstensen | 1946 |
| 10.06 | Astrid Auro | 1933 |

Eksingedalen

- 29.03 Berit Vetlejord 1945
(gravlagt på Flatekval)

Eidsland

- 04.04 Kristi Andersen Møster 1947

Stamnes

- 25.05 Hans Langeland 1931

Vaksdal

- | | | |
|-------|----------------|------|
| 24.02 | Magnar Bernes | 1933 |
| 11.05 | Selma Njaastad | 1914 |
| 03.06 | Helga Hope | 1940 |



DEN NORSKE KYRKJA

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Vedtekter for gravplassane

Fellesrådet har oppdatert vedtekter for gravplassane i kommunen.


Dei som ynskjer, kan kontakta kyrkjekontoret for å få desse tilsendt



VIPPS

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

- | | |
|----------------------|--------|
| (bladpengar) | 94073 |
| Vegen trusopplæringa | 514111 |
| Vaksdal Kyrkje | 137194 |
| Dale Sokn | 525329 |



VELKOMEN TIL KYRKJA

Onsdag 20. juni

VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Lovsongsgudsteneste. Anders M T Wendel og konfirmantar frå Gøteborg. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Søndag 24. juni - Jonsok / St. Hansdagen

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.
 VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Søndag 1. juli - Aposteldagen /6. søndag i treeiningstida

BERGSDALEN kl. 15:00. Støls-gudsteneste på Moastølen. Bø. Ta med mat og drikke. Ved dårleg ver vert gudstenesta i lavvuen ved Småbrekkevatnet.

Søndag 8. juli - 7. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 19:00 Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Søndag 15. juli - 8. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Søndag 22. juli - 9. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 19.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Søndag 29. juli - Olsok

LEIRO (Eidsland) kl 13:00. Olsokstemna / Friluftsgudsteneste. Kvamsøe. Felles avgang frå Myster kl. 11.30. Ta med mat og drikke. Ved dårleg vær er stemna i kapellet.

Søndag 5. august - 11. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11:00 Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.

Søndag 12. august - 12. søndag i treeiningstida

Ingen gudstenester i Vaksdal

Søndag 19. august - 13. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Vigslingsgudsteneste. Nordhaug, Kinsarvik m fl. Nattverd. Festsamkome i Samfunnssalen etterpå.

Søndag 26. august - Vingardssøndagen

BERGOSTØLEN (Nesheim) kl. 12:00 (NB klokkeslettet!). Støls-gudsteneste. Bø. Ta med mat og drikke.

DALE KYRKJE. kl. 12:00 (NB klokkeslettet!). "Fest på kjerka" / Friluftsgudsteneste i Messehagen på Dale, i samarbeid med Sjømannskyrkja. Kvamsøe. Presentasjon av konfirmantane. Kyrkjekaffi.

STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste. Bø. Dåp.

Nattverd. Konfirmantpresentasjon. Markering av skulestart for 6-åringane. Kyrkjekaffi.

Sundag 2. september - 15. søndag i treeiningstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11:00. Bergsdalsstemna med Hausttakkefest. Audestad og Kvamsøe. Utdeling av bok til 6-åringane. Baby og småbornssong i kyrkjekjellaren parallelt med gudstenesta. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi, med songstund etterpå.

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste. Audestad og Bø. Dåp. Nattverd.. Presentasjon av konfirmantane og markering av skulestart for 6-åringane. Kyrkjekaffi.

Søndag 9. september - 16. søndag i treeiningstida

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Familiegudseneeste. Audestad og Kvamsøe. Utdeling av bok til 4-åringane og markering av skulestart for 6-åringane. Baby- og småbornssong. Kyrkjekaffi.

Dåp = Høve til dåp i gudstenesta.

Endringar kan koma. Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på www.vaksdal.kyrkja.no og for eventuelle endringar.



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsem

bunadsele

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no